



Fagforbundet
Rosalind Instebø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/801 - 17/4960

Saksbehandlar:
Kjetil Morken
kjetil.morken@radoy.kommune.no

Dato:
25.04.2017

Referat frå drøftingsmøte om fri for tillitsvaldopplæring for plassstillitsvalde

Det var halde drøftingsmøter om kva praksis / linje arbeidsgjevar og avdelingane skal leggje seg på ved tillitsvaldopplæring etter Hovudavtalen § 3- 6.

Møtet vart halde **28/3 2017 på Rådhuset. Kl 13:15.**

Desse var til stade:

NSF ved Kjersti Risa Marøy, Utdanningsforbundet ved Elisabeth Bygstad. Forfall frå Fagforbundet grunna sjukdom.

Frå Arbeidsgjevar: rådmann Jarle Landås og personalsjef Kjetil Morken

Bakgrunn :

Problemstillinga er tatt opp i samband med felles opplæring kring reglar i Hovudavtalen. Ein treng tillitsvalde som har naudsynt opplæring. Det har vist seg vanskeleg å få tillitsvalde til å ta opplæring dersom det fører til trekk i løn, og stipend frå organisasjonane.

Samstundes er nokre av opplæringsløpa relativt omfattande så det er ei drifts og kostnadsside for avdelingane som ein også må ta omsyn til.

Konklusjonar frå møtet er at arbeidsgjevar vil legge seg på følgjande line for fri for opplæring av plassstillitsvalde etter Hovudavtalen § 3 - 6:

- For naudsynt tillitsvaldopplæring etter Hovudavtalen § 3 – 6 kan plassstillitsvalde få fri med løn inntil 6 dagar per kalenderår.
- Organisasjonane prioriterer strengt behov for opplæring til plassstillitsvalde slik at opplæringa har hovedfokus / prioritet på områder som er naudsynt for funksjonen som plassstillitsvald.

- I tillegg til dette kan plassstillitsvalde som har behov for det delta i arbeidstidskurs/ turnuskurs for å setje seg i stand til å delta i samarbeid om turnusplanlegging og arbeidstidsplanlegging / avtaler.
- Opplæring av tillitsvalde til funksjonar og nivå som ikkje er omtala i hovudavtalen, t.d. seksjonstillitsvald vil få fri utan løn til opplæring og utføring av vervet.

Definisjonane på tillitsvald og hovudtillitsvald vil være retningsgjevande for rett til fri for tillitsvaldopplæring.

Frå Hovudavtalen :

«§ 2-2 Tillitsvalgt:

Arbeidstaker tilsatt i kommunen/fylkeskommunen og som er valgt/ - eller utpekt av medlemmene i sin arbeidstakerorganisasjon til å ivareta de oppgaver som fremgår av denne avtalen.

§ 2-3 Hovedtillitsvalgt

Tillitsvalgt som er valgt/utpekt av medlemmene i sin arbeidstakerorganisasjon for å koordinere og bistå de tillitsvalgte i deres arbeid overfor kommunen/ fylkeskommunen, jf. § 3-3 d).»

Det betyr at det må være minst to medlemmer på ein avdeling for å ha plassstillitsvald, og minst to plassstillitsvalde for å ha hovudtillitsvald.

Med helsing

Kjetil Morken
personalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fagforbundet
NSF
Utdanningsforbundet